

Instruks for smitteverntiltak i samband med koronapandemi ved Lom Fjellstyre sine utleiehytter.

I samband med koronapandemien har Lom Fjellstyre innført nye rutinar og retningslinjer for utleige og bruk av fjellstyret sine hytter.

Hyttene vil kunne bli stengt på stutt varsel. Vi vurderar situasjonen fortløpande etter råd frå helsemyndigheiter og den generelle smittesituasjonen. Det kan bli nødvendig å heve bookingar, innføre karantedagar mellom opphald m.m. Leigetakar vil i slike tilfelle få tilbod om å flytte bookingen eller få refundert pris for leige eks. 10% provisjon som tilkjem Inatur.

Reinhold og smitteverntiltak:

- For å sikre utført/tilstrekkeleg reinhold skal alle skal vaske seg inn i hytta ved ankomst. Flater, golv og berøringspunkt skal vaskast med varmt såpevatn. Kokeutstyr, koppar/kar, tallerknar og bestikk skal vaskast med såpevatn, skylast i vatn som held minst 60 grader og lufttørkast før bruk.
- Ta med eigne sengekle. Viss bruk av sovepose, skal du ha med eige laken og putetrekk.
- Det er eigna reinholdsutstyr på hyttene, men for å sikre smittesprelling skal alle ta med eiga vaskefille, kopphandkle, handduk og gummihansker/ingongshansker.
- Ta med eige utstyr til personleg handvask/desinfeksjon og hugs god handhygiene. Dette gjeld spesielt ved bruk av utedo som av opplagde grunnar er ei risikosone NB: Alt medbrakt utstyr og avfall tek de med heim, kast det ikkje i utedo eller legg det att som søppel.
- Ikkje set att mat eller avfall av noko slag. Ta det med heim eller kast det i næraste søppelcontainer.
- Ved avreise skal golv, flater og berøringspunkt vaskast med varmt såpevatn. Oppvask skal vaskast med såpevatn, skylast i vatn som held minimum 60 grader og lufttørkast før det blir sett på plass.
- Ved sjukdom/symptom før avreise skal opphald avbestillast.
- Ved sjukdom/symptom under opphald skal ein om forsvarleg reise heim. Fjellopsynet **SKAL** ha melding umiddelbart slik at hytta blir sett i karantene.
- Ved sjukdom/symptom etter avreise **SKAL** fjellopsynet ha melding umiddelbart slik at hytta blir sett i karantene.

Alle som leiger hytte skal bekrefte per e-post at dei har mottatt og forstått instruksen.

Lom fjellstyre

Fjellopsyn Åsmund Galde, tlf 92893226